

VI. ÅRSREKNESKAP 2018

Kommentarar frå leiinga

FORMÅL

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for drifta i verksemda blir ført etter kontantprinsippet slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta er samansett av tre utgiftspostar og to inntektspostar som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE tek imot tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjetttrammene for drifta.

NPE forvaltar to statlege fond: Fond for pasientskadeordninga – offentleg helseteneste og Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste. Årsrekneskapar for fonda blir presenterte i denne årsrapporten. Fondsrekneskapane er utarbeidde etter kontantprinsippet og blir framstilte med resultat og balanse. Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga.

STADFESTING

Årsrekneskapen er avlagd etter reglane om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 av november 2016 frå Finansdepartementet, «*Instruks for Norsk pasientskadeerstatning*», «*Instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helsetjeneste*» og «*Instruks for fond for pasientskadeordninga – privat helsetjeneste*» frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilde av dei disponible løyvingane NPE har, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignedelar og gjeld.

DRIFTSPOSTANE I NPE

Kap. 741 Norsk pasientskadeerstatning (utgifter)

Post 01 Driftsutgifter

NPE har i 2018 samla disponert 201,749 millionar kroner til ordinær drift. Inkludert i løyvinga ligg 1,69 millionar kroner som blei overførte frå 2017 og 2,49 millionar kroner i kompensasjon for lønsoppgjeret i 2018. Tildelt løyving blei i 2018 sett opp med 5 millionar kroner mot tilsvarende auka inntekter under kap. 3741, post 02. Desse inntektene er knytte til betaling for IKT-tenester som NPE leverer til Helseklage.

Driftsutgiftene blei 215,162 millionar kroner. Det vil seie at rekneskapen viser ei meirutgift på 13,413 millionar kroner. Meirutgiftene må sjåast i samanheng med meirinntektene på kap. 3741, post 02 og 50 på i alt 13,536 millionar kroner. NPE har fullmakt til å disponere meirinntekter til å dekkje opp meirutgifter på post 01. Når meirinntektene blir rekna inn, blir det ei samla mindreutgift på 122 586 kroner. Denne summen vil NPE søkje om å få overført til 2019.

Meirutgiftene skuldast i hovudsak auka betaling til Norsk helsenett (NHN) knytt til IKT- og arkivtenester, og utgifter til medisinsk sakkunnige konsulentar. Ny oppgjersordning for Helseklage si betaling for IKT-tenester bidreg òg til meirutgifter, jf. tilsvarende meirinntekter under kap. 3741, post 02.

2018	Budsjett	Regnskap	Avvik
<i>post 01 Driftsutgifter</i>			
Tildelingsbrev	197 569 000		
Overført frå forrige år	1 690 000		
Lønnskompensasjon	2 490 000		
Sum driftsutgifter	201 749 000	215 162 436	-13 413 436
<i>Inntekter</i>			
post 02 Diverse inntekter	6 448 000	12 531 338	6 083 338
post 02 Premie frå private	17 892 000	25 344 684	7 452 684
Sum inntekter	24 340 000	37 876 022	13 536 022
Overførbar sum			122 586

Nærare om enkelte store utgiftspostar

Lønsutgifter

Utgiftene til løn (løn og arbeidsgivaravgift, fråtrekt refusjonar) var i 2018 104,91 millionar kroner. I tillegg kjem 11,04 millionar kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK). Dei samla lønsutgiftene (faste og mellombelse stillingar) tilsvarar 54 prosent av driftsutgiftene i NPE. På grunn av stramt budsjett har NPE halde stillingar ledige.

Utgifter til medisinsk sakkunnige konsulentar

Utgiftene til medisinsk sakkunnige var i 2018 37,34 millionar kroner. Det tilsvarar 17,4 prosent av driftsutgiftene i NPE. NPE prioriterer i størst mogleg grad å bruke medisinsk sakkunnige som er tilknytte oss gjennom avtalar fordi dette er meir kostnadseffektivt enn enkeltstående sakkunnigoppdrag. Utgiftene har auka med 3,55 millionar kroner i høve til 2017 (33,79 millionar kroner). Auken skuldast at fleire saker har blitt behandla av medisinsk sakkunnige og at timeprisen har gått opp.

Betaling for tenester utførte av Norsk Helsenett SF (NHN)

Frå 1. januar 2017 tok NHN over oppgåver innan innkjøp, IKT-drift og brukarstøtte frå NPE. 1. juni 2018 blei oppgåver innan postmottak og skanning flytta frå NPE til NHN. I 2018 har NPE betalt i alt 14 millionar kroner for desse tenestene. Betalinga til NHN har auka med 6,4 millionar kroner i høve til 2017 (7,6 millionar kroner). Auken er knytt til IKT- og arkivtenestene.

Samla vurdering av driftsutgiftene

NPE tok imot 2,3 prosent færre erstatningskrav i 2018 enn i 2017. Vi produserte 364 fleire saker i 2018 enn i året før. Samtidig har vi aldri tidlegare avslutta så mange utrekningssaker

som i 2018. Diverre nådde vi ikkje fullt måla knytte til saksbehandlingstid. Produktiviteten vår låg på om lag same nivå som i 2017.

Vi har hatt ein krevjande budsjettsituasjon, mellom anna som følgje av auka kostnader til Norsk Helsenet. Vi har hatt sterkt fokus på kostnadskontroll og halde fram arbeidet med å redusere utgiftene våre.

Vi hadde monalege meirinntekter i 2018. Meirinntektene bidrog til at vi bortimot gjekk i balanse.

Post 70 Advokatutgifter

Posten dekkjer utgifter pasientar har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11. Utgiftene blei i 2018 43 millionar kroner. Dette gir eit meirforbruk på 4,8 millionar kroner som tilsvarar 12,5 prosent. Meirutgiftene skuldast ein kombinasjon av tilfeldige utslag og aktivitetsnivået i NPE når det gjeld å avslutte løpande utrekningssaker. Som nemnt over har NPE aldri tidlegare avslutta så mange løpande utrekningssaker i eit år som i 2018. Advokathonorara blir gjerne utbetalte når ei utrekningssak blir avslutta.

Post 71 Særskilde tilskot (erstatningsutbetalingar knytte til svineinfluensavaksinen m.m.)

Posten dekkjer utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar. I all hovudsak er utgiftene knytte til svineinfluensavaksinen Pandemrix. Utgifter knytte til andre vaksineskadar, forsvaret og odontologisk klinikk i Oslo eller Bergen førekjem òg. Utgiftene blei i 2018 41,8 millionar kroner som tilsvarar 19,3 prosent. Løyvinga blei auka med 14,5 millionar kroner hausten 2018. Likevel blei det ei meirutgift på 6,7 millionar kroner på posten. I vaksineskadesakene er det generelt vanskeleg å føreseie når utbetaling skjer. Meirutgiftene skuldast i hovudsak ei monaleg auke i avslutta svineinflensasaker hjå Helseklage.

Kap. 3741 Norsk pasientskadeerstatning (inntekter)

Post 02 Diverse inntekter

NPE behandlar krav om erstatning som følgje av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS (NLF). Talet mottekne legemiddelsaker har gått ned frå 2017 til 2018 og NPE har i 2018 avslutta færre legemiddelsaker enn i 2017. 844 900 kroner av meirinntektene på post 02 er knytte til legemiddelsaker og er ein konsekvens av at NLF betalar ny og høgare fast pris (uavhengig av tal saker) for at NPE behandlar sakene.

NPE utviklar og leverer IKT-tenester til Helseklage. Inntektene på post 02 blei for 2018 sett opp med 5 millionar kroner som følgje av ny oppgjersordning for Helseklage si betaling for IKT-tenestene. Helseklage betalte i 2018 10,238 millionar kroner for IKT-tenester levert av NPE. Meirinntektene knytte til oppgjersordninga utgjorde dermed 5,238 millionar kroner.

Totale meirinntekter på post 02 var i 2018 6,08 millionar kroner.

Post 50 Premie frå private (overføring frå fondet for pasientskadeordninga – privat helseteneste)

På posten blir det ført inntekter som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste. Midlane blir overførte frå fondet for privat helseteneste og blir inntektsførte på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekkje utgiftene knytte til pasientskadesaker frå dette området. Inntektene blei i 2018 25,3 millionar kroner. Dette gir ei meirinntekt på 7,5 millionar kroner. NPE avslutta i 2018 fleire saker innan privat helseteneste enn i 2017. Meirinntekta skuldast at driftsutgiftene ved å forvalte ordninga for privat helseteneste, inkludert advokatutgifter, i 2018 blei høgare enn lagt til grunn i saldert budsjett.

FOND FOR PASIENTSKADEORDNINGA - OFFENTLEG HELSETENESTE

NPE har i 2018 utbetalt erstatningar knytte til behandling i offentlig helseteneste (dvs. i regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar) på 924,5 millionar kroner (inkluderer ikkje utbetalingar knytte til vaksineskadesaker).

Dekning av erstatningar i saker der staten har eit særskilt ansvar, som vaksineskadesaker, blir løyvd over kap. 741, post 71 Særskilte tilskot. Praksis i 2017 var at desse midlane fyrst blei utbetalte frå fondet for offentlig helseteneste for så å bli omposterte og belasta post 71. Ved årsslutt i 2017 blei ved ein feil ikkje alle erstatningsutbetalingane overførte frå fondet til post 71. Dermed blei fondet med urette belasta med 4,7 millionar kroner i 2017. Fyrst i 2018 blei erstatningsutbetalingane frå 2017 belasta post 71 og fondet redusert tilsvarande.

Samla inntekter på fondet er 1 048,5 millionar kroner. Resultatet for fondet er auka med 66,7 millionar kroner frå 2017 til 2018. Auken skuldast at prognosen for erstatningsutbetalingar som låg til grunn for innkrevinga av tilskot, var høgare enn det som blei faktiske erstatningsutbetalingar. Avviket blir avrekna ved innkrevinga av tilskot i 2019. Innestående (utgåande balanse) rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2018 er på 133,7 millionar kroner.

FOND FOR PASIENTSKADEORDNINGA - PRIVAT HELSETENESTE

NPE har i 2018 utbetalt erstatningar knytte til privat helseteneste på 44,2 mill. kroner. Det gir ein auke på 16,1 millionar kroner frå 2017. Driftsutgiftene til NPE knytte til forvaltinga av ordninga (inkludert advokatutgifter) er på 25,3 millionar kroner. Driftsutgiftene til Helseklage knytte til behandling av saker i privat helseteneste er på 5,3 millionar. Driftsutgiftene er utgiftsførte på fondet. Totalt har belastinga av driftsutgifter auka med 5,6 millionar kroner i 2018. Samla utgifter på fondet er 72,8 millionar kroner.

Samla inntekter (innbetaling av tilskot og regress) på fondet er 100,4 millionar kroner. Tilskotssatsane har auka frå 2017 til 2018, men regressinnbetalingane har gått ned. Resultatet til fondet er redusert med 15,1 millionar kroner frå 2017 til 2018. Reduksjonen skuldast i hovudsak høgare erstatningsutbetalingar og høgare driftsutgifter. Innestående på fondet har likevel utvikla seg i positiv retning, hovudsakleg som følgje av auka tilskotssatsar. Innestående (utgåande balanse) rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2018 er på 80 millionar kroner.

TILLEGGSI NFORMASJON

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for NPE. Revisjonen er ikkje avslutta når årsrapporten blir lagd fram.

Oslo 6. mars



Rolf Gunnar Jørstad, direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen for drifta i NPE

Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for drifta i NPE er utarbeidd og lagd fram etter nærare retningslinjer fastsette i reglar om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.1 og nærare reglar i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av desember 2016, punkt 8.

Oppstilling av rapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i reglane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto sum.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i reglane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsregnskapet» er lik i både oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank i samsvar med krav i reglane pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen blir nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser inneståande verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen.

Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna «samlet tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og skyldnader verksemda står oppført med i staten sin kapitalrekneskap.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa.

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.